

HAUSTPROGRAM PÅ SETESDALSMUSEET

30. AUGUST

LISLEFARMEN PÅ BYGLAND TUN

11:00-17:00

Barneaktivitet med Setesdalsmuseet

Lag ein magisk skjoldmøypose

Bygland museum er ope, og har fri inngong heile dagen

6. SEPTEMBER

BYKLEDAGEN - LISLESTOG

KL. 11:00-15:00

Barneaktivitet med Setesdalsmuseet

Lag ein magisk skjoldmøypose

Masse andre aktiviteter

1. OKTOBER

HAUSTFERIEVERKSTAD PÅ
SETESDALSMUSEET

10:00-14:00

Lage haustkransar, rebus og vaflar

Verkstad gratis for barn, 150,- for vaksne

Fri inngong på museet

Setesdalsmuseet

BYKLEDAGEN — 06.09.2025 —

Sarvsdammen

10.00-12.00

- Dammslepp
- Oтра Kraft byr på grillpøser og drikke.
- Open brannstasjon og ervi heldige kjem Bjørnis

Lislestog

11.00-15.00

Her blir det folkemusikk, bodar, kafe' i regi av Bykle Husflidslag, visning av bru-restakk, skattejakt, utstilling og historieforteljing

Bykle gamle kyrkje

11.00-15.00

- Song og forteljarstund med Helga Jacobsen
- Forteljarstund for born med Line Steine

Bykle kyrkje

15.00

Gratis konsert med Songbird

Parkering

Ved Bykle industriområde for besøk ved Sarvsdammen

Ved Bykle kyrkje for besøk på Lislestog

Bykle Næringslag med
smarbeidspartnarar
ønskjer alle velkomne!



Bygdekinoen



1. September Hovden grendehus

18.00 - "Barske Bøller"

20.00 - "Ingen kommentar"

15. September Bykle samfunnshus

16.30 - "Fnugg"

18.30 - "The Roses"

29. September Hovden grendehus

18.00 - "Grevlingene"

20.00 - "Blücher"



Språkkafé er en møteplass mellom tilflyttere og lokalbefolkningen, som gir mulighet for å treffe nye mennesker, ha ulike aktiviteter, få praktisert norsk og engelsk i trygge omgivelser og bli kjent med folk og stedet. Vi treng frivillige som vil skravle - både på norsk og engelsk.


Ta kontakt med Stine Gulowsen, tlf: 917 87 411 om du vil bidra som språkvert.

HEILE BYGDA SAMLAST

FRIVILLIGHEITSFESTEN MED GRATIS MIDDAG!

Snakk med oss - bli kjend og bli med

23. sep 18:00 - Hovden Grendehus



PROGRAM

tale ved ordførar • musikkinnslag • gratis middag •
lag og foreiningar på stand

Arrangementet er ope for alle – nyinnflytta, hyttegjester og lokale i alle aldrar
La oss feire frivilligheita og styrkje samhaldet i bygda vår!



Byklaren

eit informasjonsblad frå Bykle kommune

September 2025 36. ÅRGANG

Låg vasstand i Urevatn og Reinevatn i haust



Med bakgrunn i konsesjonsbestemmelsane har Otteraaens Brugseierforening lov til å regulere Urevatn mellom 1141 og 1195 moh. Reinevatn kan regulerast mellom 1165-1175 moh. Normalt blir ikkje Urevatn tappa ned under 1160 moh før etter reinsdyrjakta - då det kan bli utfordringar med ferdsle på magasinet viss vasstanden er for låg. I haust kan likevel vasstanden gå under denne høgda.

Måndag 18. august var vasstanden i Urevatn 1160 moh. Reinevatn 1171 moh.

– Tilsvarande vasstander hadde me i 2018. Det som er annleis i år er at vasstanden truleg kjem til å gå ytterlegare ned i august og september, seier Grunde Johnsen i Oтра kraft DA.

Konsesjonsbestemmelsar

Det er for å oppfylle konsesjonsbestemmelsar lenger nede i vassdraget, og lite tilsig og havari i Holen I kraftstasjon, at Urevatn må tappast meir ned enn vanleg.

– Me ber jegrar og fiskarar om å vere forsiktige ved båtferdsle ut og inn frå båtutsett på Urevatn og Reinevatn. Farleg straumvirvel er markert med skilt og dobber ved Urevatn. Tilsvarande sikring blir no også gjennomført på Reinevatn. For å lette adkomsten ved båtutsett har Otteraaens Brugseierforening i år forlenga den støypte vegbanen som blir nytta ved båtutsett ved Urevatn. Me seier oss leie for at Urevatn kan bli utfordrande å nytte i årets jakt og fiske, seier Grunde Johnsen.

BYKLEDAGEN — 06.09.2025 —



Førehandsrøystinga er på Bykle rådhus, kvardagar til og med fredag 5. september klokka 09:00-14:00. Torsdag 4. september vert det utvida til kl 18:30.

Frist for å be om ambulerande røysting er 4.9 kl 12:00

På valdagen 8. september kan man røyste på Hovden grendehus og Bykle rådhus frå kl 08:00 til kl 18:00

Ta med legitimasjon!

Sommarlesfest 2025!

Hovden grendehus 9. sep klokka 17.00

Bykle samfunnshus 11. sep klokka 17.00

Det vert diplom- og premieutdeling for dei som har deltatt på Sommarles, lett servering og leikar for alle. Born til og med 4. klasse må ha med seg ein føreset.



Med venleg helsing Bykle folkebibliotek



Byklaren er eit kommunalt informasjonsblad. Vi tek med kunngjering om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar. Innslag sendast med tekst og bilete til: byklaren@bykle.kommune.no Frist er 20. kvar månad.

www.bykle.kommune.no

Politiske møter og saksdokument
finn de på heimesida eller følg QR'en



Aktiv på dagtid

Er du heime på dagtid, eller treng ein pause i arbeidstida og ønskjer å vere med på ein aktivitet saman med andre?

«Aktiv på dagtid» består av fem ulike aktivitetar som passar for deg som vil vere med på noko triveleg, enten du har ledig tid på dagtid eller ønskjer å ta ein pause i arbeidstida.

Alle er hjarteleg velkomne, uavhengig av fysisk form.

UKEDAG	AKTIVITET	KLOKKESLETT	MØTESTAD	KONTAKTPERSON
TYS DAG	Yoga	10:00-11:00	Dansesal, Grendehuset	Line Steine tlf: 917 01 414
	Foreldretrim	11:00-12:00	Gymsal, Grendehuset	Stine Gulowsen tlf: 917 87 411
ONSDAG	Turgruppe	11:00-12:30	Grendehuset	Susanne Bergstø tlf: 921 17 233
TORS DAG	Trimtreff	11:00-12:00	Trimrom, Bykle samfunnshus	Björg Sissel Tveiten tlf: 901 40 467
	Trimgruppa Sterke saman	11:00-12:00 (oddetalveker)	Gymsal, Bykle samfunnshus	Aud Skagestad tlf: 900 70 995

Foreldretrim, oppstart 9 september. Trimgruppa, Sterke Saman, oppstart 11 september. Annenkver veke, i oddetalveker.

Meir informasjon og oversikt over aktivitetane finn du på bykle.frivilligsentral.no eller på Spond: Kode: IFZBR

Pårørandeskulen i Setesdal

Kurs for pårørende til personer med demens eller hukommelsesproblemer tirsdager i oktober 2025

Pårørandeskolen er et gratis kurstilbud til deg som har et familiemedlem eller en nær venn som har hukommelsesproblemer/ eller en kjent demenssykdom.

Påmelding:
Koordinator i Hukommelsesteamet:
Signe Telhaug
Telefon: 945 20 970
E-post: signe.telhaug@e-h.kommune.no

Pårørandeskolen er et interkommunalt samarbeid mellom kommunene i Bykle, Valle, Bygland, Evje & Hornnes og Åseral



Hovden grendehus og bibliotek tlf. 902 16 856	Bykle samfunnshus og bibliotek tlf. 902 16 856	Kultur & fritid har SPOND!
Måndag-Torsdag kl 8-21 Fredag kl 8-16 <i>Me er på Spond! Kode: IFZBR</i> kultur@bykle.kommune.no	Måndag kl 10-16.30 Torsdag kl 10-16.30 Meiropent bibliotek alle dagar 7-23	Driv du eit frivillig lag? Skal dykk avhalde eit stemne, ein konsert, eit foredrag eller liknande som dykk vil ha marknadsført? Spør oss i kulturavdelinga, så kan me hjelpe dykk! Send oss en epost på kultur@bykle.kommune.no

Tømekalender
Restavfall: 3.9, 1.10
Matavfall: 3.9, 17.9
Papir, glass/metall, plast: 3.9, 1.10

Tykkås gjenvinningsstasjon har ope:
Tysdagar klokka 11-13 (næringsdrivande)
Torsdagar klokka 12.30-18.30 (private og næringsdrivande)
Fredagar klokka 10-13 (private)
Første laurdag i månaden klokka 09-13 (private)



Bykle kommune
BYKLE SER LANGT

Sarvsvegen 14, 4754 Bykle
Mån - fre: 09:00 - 14:00

T: 37 93 85 00
E: postmottak@bykle.kommune.no



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad

www.valle.kyrkja.no / www.bykle.kyrkja.no



Laurdag 6.sept kl.15 Konsert med Songbird, Bykle kyrkje

Sundag 14.sept kl.16 Gudsteneste og hausttakkefest, Bykle kyrkje

Tysdag 16.sept kl.18 Bøn for verda, Fjellgardane kyrkje

Sundag 29.sept kl.11 Gudsteneste, Fjellgardane kyrkje

Tysdag 30.sept kl.19 Salmekveld med Kristina Grundetjern og Eirik Hodnemyr, Bykle kyrkje

Sundag 12.okt kl.11 Gudsteneste og presentasjon av konfirmantane, Bykle kyrkje

Samling med Ingebjørg Thorjussen og Anne Landsverk Johnsen.
Valle kyrkjestove onsdag 17. september kl 19.00 Det blir kveldsmat.

Temaet er: «Veier til større frihet. Selvbilde og Gudsbylde i endring.»
Om å øve oss i å snakke sant om livet. Det blir små stopp underveis i formidlingen med bilder og musikk, som gir rom for ettertanke.
Velkommen.

Arrangør; Kyrkja i Valle

Velkommen til møte i Bykle kyrkje, kyrkjekjellaren,
frå og med onsdag 17.september til og med søndag 21.september. Møta er kl. 19.00, søndag kl. 11.00.

Tale av Marit Andersen og sang av Ann Kathrin Alnes.

Arr. Misjonssambandet



BYKLE HUSFLIDSLAG

Kurs med Bykle Husflidslag hausten 2025

Trykking på skinnfell v/Marianne Solbakk Lye og Tonje Flatø Nessa. Eit 10 timars helgekurs med fokus på julepynt, 10.-11.oktober (kl 18-21/kl 09-16).

Påmeldingsfrist 10. september. Påmelding til Jørgine Sofie Mosdøl: jorgine@online.no eller tlf.: 951 72 235.

Medl. 40,-/time, ikkje medl. 70,-/time. Kursmateriell kjem i tillegg.

Ellers har me sy/stikkekafe i Lislestog kvar torsdag utover hausten. Oppstart 4.september, frå kl 18-21.

Alle hjarteleg velkomen!

Arr.: Bykle husflidslag





HANDARBEIDSKVELD
Onsdagar kl 18.00 – 21.00 på husfliden i Valle.
Alle er hjarteleg velkomne. Te og kaffi. Ta med eiget handarbeid.
Datoar med stjerne (*) blir det og mogleg å lære seg å krulle.

Datoar haust 2025
10/9 - 24/9* - 8/10 - 22/10*
5/11 - 19/11* - 3/12

Hovden musikkfest
Laurdag 4. oktober klokka 18.00

Laurdag 4. oktober brakar det laus på Hovden grendehus! Det vert konsert med Valkyrien Allstars, Yngve Jordalen og Electronica møtar folkemusikk i eit DJ- og hardingfelesett utover kvelden.

Kom og dans!

Billett 499,- på ebillett.no/hovden

18 års aldersgrense

Ved spørsmål om vergeordning, kontakt: kultur@bykle.kommune.no

Musikkfesten er eit samarbeid mellom Hovden Musikkklubb og Bykle kommune Kultur & Fritid

MÅNADENS BOK

Boksirkelen møtast måndag 22/09 klokka 19 i biblioteket på Hovden grendehus. Me les boka “Utsikt til paradiset” av Ingvar Ambjørnsen. Biblioteket kan skaffe boka til alle som vil vere med.

Velkomen! Mvh Magnus, Bykle folkebibliotek



Kulturkafé

17. September i Bykle samfunnshus Klokka 17.30!

Bykle musikkorps skipar til korpsbasar i Bykle samfunnshus. Korpsset spelar og det vert sjølvstekt basar med fine premiar. I kaféen har dei suppe, kaker og kaffi til salgs.

Velkomen til haustens fyrste kulturkafé!
Dei neste er 22. oktober og 19. november